

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 4 • 2008 • ÅRGANG 7

www.lnk.no

Fekk ikkje nynorsk

Agnieszka Augustyn frå Polen fekk ikkje nynorskopplæring i Ølen. No flyttar ho til Stavanger slik at borna kan lære bokmål.

• Sjå s. 5

10 år utan oppgradering

Infodoc sitt dataprogram for legekontor er ikkje blitt oppgradert dei siste 10 åra. Audun Vevatne ved Landsbylegane Stord vil ikkje betale oppgradering før nynorskversjonen vert betre.

• Sjå s.10

Avhengig av arbeidsinnvandring

- Dersom me ikkje handterer auka arbeidsinnvandring vil me få større utflagging av norsk industri, seier Jørgen Amdam.

• Sjå s.6-9

Språk på banen



- Nynorsk gjer oss spesielle og attraktive. Me kan aldri bli Lillestrøm eller Brann, seier marknadssjef i Sogndal Fotball, Rasmus Mo.

• Sjå s.11

Nynorsk ein styrke



Astrid Versto (54) tek nynorsken med seg til den norske ambassaden i Wien. Sjølv skildrar ho seg som både lokal og global.

• Sjå s.12-13



Strikkekommune i pluss

Eidfjord kommune går mot straumen. Den vesle vestlandskommunen har nemlig auke i folketallet. Ordfører Anved Johan Tveit (Sp) har stor tru på at vedtaket om bygging av Hardanger – brua har positiv påverknad på folketallet.

– Den vil lette ferda nord mot Bergen betrakteleg og vil samstundes i større grad enn i dag opna for ein

felles arbeidsmarknad i Hardanger, seier han. Eidfjord er også kommunen der ein omfattande strikkedugnad har samla fleire generasjonar. Resultatet er 29 strikkekleddede tre.

• Sjå side 18 - 20



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbelrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL  HORDAHEIMEN

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Best Western

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør
Toyni Tobekk

Språkopplæringa må på plass

Språk er ein viktig nøkkel til integrering og kommunikasjon. For dei som kjem til landet, anten for å arbeide eller som flyktning/asylsøklar er språkopplæring viktig for å kunne trivast og finne sin plass i samfunnet.

Likevel er det stor forskjell på korleis dette vert utøva, og kva tilbod den einskilde innvandrar får av storsamfunnet.

Som arbeidsinnvandrar frå EØS/EFTA – område har du ingen rett eller plikt til språkopplæring. Tal frå 2006 viser at berre 25 prosent av polske arbeidarar i Oslo har fått norskopplæring. Det betyr også at under 20 prosent av arbeidsgivarane tilbyr språkopplæring. Resultatet er ofte at polske arbeidarar arbeider i egne arbeidslag med eigen arbeidsleiar. Både svake engelsk – kunnskapar og ingen opplæring i norsk fører til at dei vert ståande litt på utsida av samfunnet. Slikt blir det lite integrering av.

For Agnieszka Augustyn var situasjonen noko annleis. Ho kom til nynorsk kommunen Ølen og fekk norskundervisning på bokmål. Det var mykje av grunnen til at ho seinare valde å sende dottera på bokmålsskule i Haugesund, og seinare flytta til Stavanger. Det vart for å vanskeleg å kommunisere med ein skule der alle beskjedar kom på nynorsk – når ho berre hadde lært bokmål.

Me treng ikkje fleire slike historier. Når ein kjem til Norge bør ein få ei realistisk norskopplæring. Og ei norskopplæring som er tilpassa den kommunen du bur i. Det krev at forlaga vert betre på nynorsk materiell, og at departementet pressar på slik at bøkene kjem på plass.

Og ikkje minst krev det at arbeidsgivarane tilbyr sine arbeidarar norskopplæring. Det vil både arbeidsplassen og arbeidaren tene på. Betre språkkunnskap vil gi ein sikrere og meir effektiv arbeidsdag, samstundes som arbeidaren vil få ein betre kvardag.

Språk er nøkkelen til integrering. No treng me eit lovverk som fører til at både arbeidsinnvandrarar og flyktningar/asylsøklarar både får plikt og rett til ei norskopplæring dei har nytte av.

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaksjon:
Ingrid Hillestad
Judith Sørbus Litlehamar
Astrid Eidhammer Hjelmealand

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmealand

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan tingast hjå


LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan
21/10, 2/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonsar blir å levara
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Historia om den andre

Har du nokon gong sete på bussen og laga historie om ein medpassasjer? Det er ganske vanleg. I løpet av ein 20 minutters busstur kan du ha laga ei heil livshistorie om den som sit på andre sida av midtgangen. Ei historie som forklarar kvifor den andre er trist eller glad, korleis den andre har fått blåveisen ved auget eller tatoveringa på armen. Om du tenker etter veit du at det er di historie, ikkje den andre si historie. Den andre har si eiga historie, ei historie du ikkje kjenner. Men om du ikkje er medviten at du lagar slike historier, så vil du lett oppføre deg overfor den andre som om historia du har laga er heile sanninga.

Kva er det ved den andre som ligg til grunn for historia du lagar? Ikkje det som er inne i den andre - tankar, kjensler, erfaringar og draumar - for det ser du ikkje. Nei, det er utsida som ligg til grunn. Alder, kroppshaldning, andletsuttrykk, klede, hår- og hudfarge. Om du har høyrtden andre snakke, vil dialekt eller aksent telje med. Og det du legg merke til hjå den andre er det som ikkje passsar inn. Det du opplev som sært, rart eller framandtd. Det som gjer deg usikker. Det du søker ei forklaring på.

Og så lagar vi eindimensjonale forteljingar som eigentleg fortel korleis den andre bør vere for å passe inn i våre fordommar.

Du har truleg opplevd det sjølv. At nokon trudde dei

visste korleis du var, ut frå ei hårsbreidd kunnskap om deg. I den augneblinken nokon høyrer du snakkar dialekt, skriv nynorsk, arbeider med politikk, kjem frå ei øy, eller noko anna som vedkomande synest er eksotisk og spennande eller ukjent og farleg, så vert du sett i ein lukka bås med forventningar frå van-

Einaste måten å verte kjend med "den andre" er å ta kontakt. Og då er ho eller han ikkje "den andre" lenger. For det finns ikkje ulike kategoriar folk. Det finns menneske som alle har eit utømmeleg mangfald inne i seg.

Du veit ikkje korleis den nye naboen er, sjølv om du har høyrtdialekten og sett utsjånad og klede

kunna.

Det er viktig å ikkje la seg blinde av sine umedvitne historier om den andre. Og i ei tid med aukande mangfald på arbeidsplassen, i nabolaget, eller i familien, vert det endå viktigare at vi unngår å lage læste historier om andre. Du veit ikkje korleis den nye naboen er, sjølv om du har høyrtdialekten og sett utsjånad og klede.

Eller som Kaizers Orchestra seier i "Den andre er meg"

Det fins to typer folk

Den eine er alle dei andre og den andre er meg

KRONIKKFORFATTAREN

Håvard B. Øvregård
nestleiar i Noregs Mållag



Få meir ut av pensjonsordninga

Pensjonsordninga er kommunane sitt største og viktigaste innkjøp. Ny forsikringslov har vore gjeldande frå 1. januar i år. No gir vi kommunen din nye valmogelegheiter for forvaltning av pensjonsmidlane som kan bidra til å få ned pensjonskostnadane. For ein gjennomsnittskommune kan det bety fleire millionar kroner i året. Ved å gjere ei evaluering av pensjonsordninga, kan kanskje nettopp kommunen din få meir ut av pensjonsordninga og frigjere middel til hardt tiltrengte kommunale oppgåver.

Ta pensjonsordninga ut på anbod – snakk med oss om offentlig pensjon.

Se www.storebrand.no/offentlig eller ring oss på 08880.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no

info@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemerne og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Lesarbrief Nynorsk + Bokmål= Norsk i fagforbundet

Det går for tida ein interessant diskusjon i Bergens Tidende om nynorsk i fagrørsla. Innlegg synar at fagrørsla har eit stykke veg å gå når det gjeld jamstilling av dei to skriftformene våre, men vi har lyst til å presisere ein del fakta som gjeld Fagforbundet.

Sidan 2003 har Fagforbundet hatt eit nært samarbeid med Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). Bakgrunnen for samarbeidet har vore eit ønske frå Fagforbundet om å gi medlemmene eit bokstavleg tala meir målretta tilbod. Nynorsk er fleirtalsform i meir enn 130 kommunar her i landet og det skulle berre mangle om ikkje dei fagorganiserte i desse kommunane skulle få tilfang og informasjon på si eiga målform. I tillegg har Fagforbundet mange nynorskbrukarar i andre kommunar.

Språk er så mykje meir enn kommunikasjon. Språk er og uløysleg knytt til identitet, verdiar og sjølvkjensle – og språkpolitikk handlar difor og om respekt for enkeltindivid. Ei naturleg linje for Fagforbundet vil såleis vere å følgje dei språkreglane som gjeld for sentrale statsetatar. Denne "språklinja" byrja Fagforbundet så smått å arbeide med i fjor haust, men innføring av ein slik politikk må skje

over tid og bør sjølvstøtt følgjast opp kontinuerleg gjennom motiverande kurs og informasjon.

Fagforbundet vil lage enkle interne reglar for språkbruk, t.d.:

- alle som kontaktar Fagforbundet skal ha rett til å få svar på den målforma ho eller han bruker

- informasjonstilfang og publikasjonar skal veksle mellom dei to språkformene og begge språkformene skal brukast på nettet.

- alle kontor skal ha god tilgang til ordbøker og andre hjelpemiddel

- alle skjema skal liggje føre og vere tilgjengelege i begge målformene

- tilfang med særleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område skal vere i fleirtalsmålforma for området.

Avtalen mellom Fagforbundet og LNK sikrar økonomisk støtte til Magsinnett – eit internettidsskrift for ungdom redigert på nynorsk, distribusjon av Pirion – eit tidsskrift for barnehagetilsette – redigert på nynorsk, og støtte til omsetjing av dataprogram

Høviske ord

-Få deg eit liv, seier du vel når du høyrer at eg har brukt solrike feriedagar på å finlesa stortingsmeldingar. Men det er sant: John Fante og John LeCarre laut finna seg i å liggja på vent til eg var ferdig med Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008) Mål og meining ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Det er lenge sidan eg har hatt så mykje mål og meining i ein sommarferie.

For innhaldet held det tittelen lovar. Kulturminister Trond Giske og Kulturdepartementet har våga å tenkja store tankar, og presenterer i denne meldinga ein ny, overordna og heilskapleg norsk språkpolitikk. Meldinga drøftar korleis det norske språket står seg i ei verd der engelsk dominerer meir og meir også i Noreg. Ho tek opp stoda for ulike språk i Noreg og går djupt inn i tilhøvet mellom dei to norske språkformene nynorsk og bokmål. Mål og Meining slår fast kor grunnleggjande viktig språk er for ein nasjon, og dokumenterer grundig språkstoda i dag. Meldinga inneheld fleire spennande og nye vinklingar på språkpolitikk: Eit heilt kapittel er til dømes sett av til å drøfta samanhangar mellom språk og makt. Meldinga har klare visjonar for kva språkpolitiske mål den raudgrøne regjeringa har og ei rekkje konkrete framlegg til tiltak for å nå desse måla.

To av dei viktigaste tiltaka er truleg at språkpolitikken skal samordnast Kulturdepartementet vil få eit klart overordna ansvar, og Språkrådet får eit vidare mandat, nye oppgåver og ressursar til å verta eit slags språkdirektorat. Meldinga er elles klar på at det norske språket vert rikare av at me har to ulike målformer som utfordrar kvarandre, påverkar kvarandre og syter for å halda engasjementet for det norske språket oppe.

I vår la Kunnskapsdepartementet fram ei anna stortingsmelding: Språk bygger broer. Her presenterer regjeringa sin politikk for korleis språkopplæringa i det norske skuleverket skal utviklast. Denne meldinga vil etter kvart bli komplettert med ein eigen tiltaksplan for nynorsk i skulen. Til saman legg desse to stortingsmeldingane grunnlaget for ein ambisiøs og offensiv norsk språkpolitikk og eit etterlengeta prestisjeløft for dette politikkområdet.

Som sagt, eg las og las - det eine kapitlet meir spennande enn det andre. Eg vart ikkje uroleg før eg såg at kapitlet om økonomiske og administrative konsekvensar er på ei side – av 260, og at den siste setninga i Mål og meining er slik: Det er i alle høve føresetnaden at alle tiltak som er varsla i denne meldinga, skal

kunna dekkjast innafor dei til kvar tid gjeldande budsjettammene.

Ei rekkje av dei tiltaka som er konkretiserte i meldinga vil kosta pengar – mange pengar. Statsbudsjettet vert som vanleg lagt fram i oktober. Dersom regjeringa følgjer opp dei ambisjonane som ligg i desse meldingane, har me endå meir spennande lesnad å sjå fram til i haust...



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Fekk ikkje nynorsk – flytta til Stavanger

Agnieszka Augustyn (34) frå Polen fekk ikkje nynorskopplæring då ho kom til Ølen for tre år sidan. Det er ein av grunnane til at ho i dag har flytta til Stavanger.

JUDITH SØRHS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Eg fekk berre tilbod om bokmålsundervisning då eg kom til Norge. Det er vanskeleg for dei av oss som bur og arbeider i nynorskområde som Ølen, seier Augustyn.

Agnieszka Augustyn har to døtre på 6 og 12 år. For Agnieszka vart det eit problem når dottera som gjekk på skule i Ølen fekk nynorskopplæring medan ho sjølv lærte bokmål.

- Det er lettare å lære seg bokmål, det er det språket dei fleste bruker og som me høyrer i radio og ser på TV. Men det blir vanskeleg å hjelpe barnet med lekser, og forstå alle beskjedar frå skulen som er skrivne på nynorsk. For oss som skulle byrje å lære oss eit nytt språk, var det stor forskjell på nynorsk og bokmål, seier ho.



Agnieszka Augustin fekk problem med å kommunisere med skulen og dottera då dottera lærte nynorsk i skulen medan ho sjølv kun fekk tilbod om bokmålsopplæring. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

PENDLA TIL HAUGESUND

- Når me prata saman på norsk forsto barna meg, men eg forsto ikkje kva

dei sa, seier Agnieszka som i Ølen arbeide som lærar i kulturskulen.

På grunn av språkproblema valde Agnieszka å sende dottera på Steinerskolen i Haugesund der ho fekk bokmålsundervisning. Dottera fekk tilbod om å få bokmål som hovudmål på skulen i Ølen, men Agnieszka meinte det ville bli for einsamt dersom ho skulle vere den einaste med bokmålsundervisning. Språkproblemet er også ein stor del av grunnen for at familien no har flytta til bokmålskommunen Stavanger. I dag arbeider Agnieszka som personalkonsulent og er letta over at yngstejenta i haust har byrja på ein bokmålskule.

- Det vert lettare for meg å følgje med når beskjedane frå skulen kjem på bokmål, seier ho.

Agnieszka er ikkje i tvil om at det er nynorsk materiell og bøker som er manglande i norskopplæringa for vaksne.

- Me burde fått bøker på nynorsk, eller anna materiell med informa-

sjon om dei største forskjellane mellom nynorsk og bokmål, og kva regler som styrer språka. Me burde få velje om me vil lære nynorsk eller bokmål. Eg skulle gjerne lært meg nynorsk då eg budde i Ølen, meiner ho.

FOR LITE MATERIELL

Rektor ved Ølen skule, Tor Kallekleiv er også ansvarleg for norskopplæringa i Vindafjord kommune. Han er samd i at det tidlegare har vore mangel på nynorsk materiell, no har kommunen derimot gått til innkjøp av lærebøker frå Cyberbook som også tilbyr materiell på nynorsk.

- Men det er framleis for lite nynorsk materiell i vaksenopplæringa. Departementet burde absolutt hatt eit større påtrykk i forhold til forlaga som igjen bør føle på ansvaret, seier Kallekleiv.

Så langt han kjenner til er det ingen forskrift som seier noko om språket i den ordinere norskopplæringa.

- Me gjorde nokre undersøkingar i vår om kva vedtak som er gjort over oss når det gjeld språket i opplæringa. Me fekk som svar frå fylkesmannen at det er målforma til den enkelte student som bestemmer språket.

Til no i haust er det berre ein elev i kommunen som har valt nynorsk som språk i norskopplæringa. Vindafjord kommune tilbyr norskundervisning, både på dagtid og som kveldskurs. I fjor deltok om lag 50 elevar på kveldskurset. Kunnskapsdepartementet legg vekt på at det er den enskildte kommunen som har ansvaret for språkopplæringa i introduksjonsprogrammet for innvandrarar mellom 18 og 55 år. Introduksjonsprogrammet består mellom anna av opplæring i norsk og samfunnsfag og har eit omfang på minst 300 timar.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vil er, di større gjennomsnitt vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Nordsjøkonferansen avlyst

Nordsjøkonferansen 2009 er avlyst. Den tradisjonsrike konferansen skulle ha vorte arrangert i slutten av september om bord på Queen of Scandinavia, mellom Stavanger og Newcastle. Reiarlaget DFDS la ned ferjeruta mellom Vestlandet og Newcastle frå 1. september, og eit alternativt opplegg i Haugesund ville ha ført til så store ekstrautgifter at styret vurderte dette som uaktuelt. Konferansen var fullteikna, og fleire av "deltakarane" har bedd om at temaet arbeidsin-

nvandring kjem opp ved eit anna høve. Me har difor sett av ein dag under landstinget i LNK i 2009 til å drøfta det same temaet, samstundes som me kjem inn på andre tema som t.d. omdømmebygging i kommunane – med vekt på toleranse som kvalitet, og tilhøvet mellom vekst og vern. Landstinget i LNK 2009 går føre seg på Alexandra Hotel i Stryn 27. til og med 29. mai.

Arbeidsinnvandring

Halve arbeidsstokken er polsk

Stadig fleire kjem for å jobbe

- Det er første gong at land med så store skilnader i løns- og kostnadsnivå blir integrerte i same arbeidsmarknad, fortel Jon Horgen Friberg, migrasjons- og arbeidslivsforskar ved Fafo.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

- Det har vore ei jamn auke i talet på innvilga løyve til arbeidsopp-hald sidan EU-utvidinga i 2004. Særleg innan byggebransjen ser vi meir utanlandsk arbeidskraft, fortel Friberg.

I juli i år arbeidde nærare 67.000 personar frå dei nye EU-landa her i landet. Forskaren fortel at det toppar seg med importert arbeidskraft om sommaren. Samstundes ser vi ei stadig utvikling mot at folk blir lenger. Mange får fornya opphaldsløyve, og dei fleste har eit lengre perspektiv på opphaldet no enn før. Friberg meiner at arbeidsinnvandringa hovudsakleg er økonomisk motivert. Men når det gjeld motiva for å slå seg til ro, er desse ofte andre. Velferdsordningar og eit mindre stressande arbeidsliv er noko folk trekkjer fram.

STORT BEHOV FOR FOLK

- Vi har i det siste sett eit stort behov for arbeidskraft i den norske marknaden. Utvidinga av EU har gitt Norge større handlingsrom. Kombinasjonen av høgkonjunktur og stram arbeidsmarknad skapar det enorme behovet for folk. Det ville nok til dømes vore dyrare å bygge ut vegar og drifte sjukehus om vi ikkje kunne gå til utlandet og hente folk. Renteni-væit ville nok også vore høgare, forklarar Friberg.

Når det gjeld arbeidstillhøva for dei som kjem, meiner han mykje er gjort frå regjering og fagrørslarar for å få slutt på såkalla "sosial dumping". Likevel er det framleis vanleg at dei polske arbeidarane jobbar for minsteløn, noko få nordmenn gjer i ein arbeidsmarknad med stor etterspurnad etter folk. Det er framleis mogleg å omgå regelverket, sjølv om hola er prøvd tetta, påpeikar forskaren.



Mariusz Kowal (nærast) har fleire polske kollegaer. Frå venstre: Marek Wloicki, Robert Stanislaw Puciel og Rafael Wilinsky. (Foto: Ingrid Hillestad)

Hos produsenten av betongelement i vestlandskommunen Samnanger, veit ikkje leiinga kva dei skulle gjort utan polakkane som har arbeidd for firmaet dei siste fire åra.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

- Vi hadde slite, seier Reidar Hisdal, leiar for Con-Form Bergen AS si avdeling i Rolvsvåg i Samnanger.

Han siktar til korleis bedrifta hans ville hatt det om ikkje dei hadde henta arbeidskraft frå utlandet. I byggebransjen, som i helsesektoren, har kampen for å skaffe folk spissa seg til. Ved den vesle bedrifta, idyllisk plassert langs fjorden i Samnanger, er fire av åtte tilsette frå Polen.

FAMILIEN FLYTTA ETTER

Mellom dei polske arbeidarane er Mariusz Kowal. 31-åringen kom frå Polen

for fire år sidan. Eitt år etter kom kona og dottera, som skal byrje på skulen denne hausten. Dette er ein av grunnane til at Kowal trur familien blir i Norge og Samnanger framover.

- Eg blei leigd ut gjennom selssetjingsfirmaet Adecco dei første to åra. Etter det fekk eg fast jobb, fortel Kowal, som blei glad då han kunne lausrive seg frå firmaet som leigde han ut og få sjølvstendig tilsetjing i staden. Då steig nemleg løna hans.

PENGANE LOKKA

For det var nettopp høgare løn som freista Kowal til å ta fatt på eit liv som jernbindar i Norge. Før han kom hit, jobba han fem år i same bransjen i Polen. Han meiner det er små skilnader i arbeidstillhøva mellom dei to landa, med unntak av løn. Jobben er den same enten han er her eller der.

- Eg får kring fem gonger høgare løn her, fortel han.

- Men så er det vel også dyrare å leve her?

- Mat er dyrt i Norge, men her er ikkje dyrt å bu så lenge vi bur på landet, meiner jernbindaren.

POLSK NABOAR

For kona hans har det ikkje vore like lett å få arbeid.

- Ho har hatt praksisplass i ein barnehage, men det er vanskeleg for henne å få jobb i ein så liten kommune, fortel Kowal, som elles har berre godt å seie om måten dei har blitt tatt i mot av den vesle kommunen aust for Bergen.

Mellom anna fekk familien god hjelp til å skaffe barnehageplass til dottera. I strøket der familien har fått leiligheit, i tettstaden Tysse i Samnanger, har dei ikkje mindre enn fem polske familiar som nærmaste naboar. Kowal synst likevel ikkje det har vore vanskeleg å bli kjend med nordmenn.

- Vi liker oss her. Om tre år håper eg å få norsk statsborgarskap, sluttar han, for han går tilbake til hallen der digre betongveggar er under produksjon.

ABC
Startsida
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start
på internett
www.startsida.no

Arbeidsinnvandring

Sommarjobb i Norge

Den polske sjukepleiaren Beata Babiarczyk (37) kjem som ein reddande engel kvar sommar til Engen sjukeheim i Bergen.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

Heime i den vesle byen Bielsko-Biala sør i Polen jobbar ho som lærar for sjukepleiarstudentar. I tillegg er ho i gang med ein doktorgrad i sjukepleievitskap. I sommarferien reiser ho til Norge og gjer sitt for at den sårbare sommarturnusen skal gå opp ved Engen sjukeheim i Bergen sentrum.

LÆRTE NORSK

Sjukepleiaren snakkar forbausande bra norsk. Språket lærte ho seg då ho jobba som intensivsjukepleiar ved Haukeland Universitetssjukehus i perioden 2001 til 2005. For å få godkjend sjukepleiarutdanninga si frå Polen, hadde ho i denne perioden praksis i geriatri ved Engen sjukeheim. Kontakten med denne insitusjonen har ho halde ved like etter at heimlengsla greip fatt i henne og ho valde å flytte tilbake til Polen for tre år sidan.



Sjukepleiar Beata Babiarczyk kjem frå Polen kvar sommar for å jobbe. (Foto: Ingrid Hillestad)

VAND MED TRONGE KÅR

Trass i triveleg arbeidsmiljø ved sjukeheimen i Bergen, innrømmer den

polke sjukepleiaren at det først og fremst er god løn og høvet til å tene ekstra pengar som lokkar henne til Norge kvar sommar.

- Tilhøva for sjukepleiarar har blitt betre i Polen. Skilnaden i løn er nok ikkje så stor som han var, seier Babiarczyk.

Då ho første gong kom hit i 2001, opplevde ho å tene kring åtte gonger meir enn ho gjorde som sjukepleiar i Polen. Levekostnadane opplevde ho var til samanlikning berre kring tre gonger høgare. Ho legg ikkje skjul på at sjukepleiarar i Polen er vande med svært tronge kår.

FYLLER KYRKJEROMMET

- No er det mogleg å leve av ei sjukepleiarløn i Polen, men det blir ikkje pengar til noko ekstra. Eg har leilig-

heit, bil og eg ønskjer å ha råd til å reise på ferie. Difor jobbar eg ekstra. Men det er slitsamt også å bruke ferien på å jobbe. Eg er avhengig av å arbeide intenstivt den tida eg er her, for å dekke inn ekstra utgifter til reise og opphald, innrømmer den erfarne sjukepleiaren.

- Men eg kjem også for å halde norsken min ved like og for å treffe vener. Ein del av hjarta mitt er framleis her, legg ho til.

Babiarczyk har merka at talet på polakkar har auka monaleg dei siste åra her til lands.

- Eg bruker å gå til katolsk messe medan eg er her. Då eg først kom til Norge var kyrkjerommet nesten tomt under seremonien. No må eg vere ute i god tid for i det heile tatt å få plass, forklarar ho.

- Terra-kommunane risikerer millionbøter

Terra-kommunane risikerer millionbøter for å ha brote reglane for offentlege innkjøp, ifølgje advokat Robert Myhre.

Kommunane skal ha kjøpt advokattener utan å ha henta inn anbod.

- Dei har heller ikkje kunngjort at ein kunne risikere å passere grensa for kjøp av slike tenester på 500.000 kroner, seier Myhre, som tidlegare jobba som sekretariatsleiar i Klagenemnda for offentlege innkjøp, til NRK.

Dei fire nordlandskommunane har hittil brukt 4,5 millionar kroner på advokatar og rådgivarar i den såkalla Terra-saka.

- I ein tidleg fase kan ein akseptere at ein går til ein advokat direkte for å få hjelp, for å sikre verdiane sine. Men etter kvart som tida går og arbeidet utviklar seg, så kan ein ikkje lenger skulde på dårleg tid. Då må ein ha ein ny konkurranse, seier Myhre.

Rådmann Arne Sørensen i Hemnes har ei anna meining. Han meiner kommunane har halde seg godt innanfor regelverket og seier dei har vore nøyde til å behalde dei beste advokata, og at det hadde vore umogleg å skifte advokat undervegs. Han avviser likevel ikkje at kommunane kan operere i eit grenseland for kva som er lovleg.

- Det kan hende at det er noko vi kanskje skulle gjort av formell karakter. Men i dag kan eg ikkje sjå kva det skulle ha vore, seier han. (NPK)

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Arbeidsinnvandring

- Ingen rett på språkopplæring

Arbeidsinnvandrere fra EØS/EFTA-land har ingen rett eller plikt til språkopplæring i Noreg. Tal frå 2006 viser at berre 25 prosent av polske arbeidarar i Oslo har fått norskopplæring.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Jon Horgen Friberg er forskar ved Fafo og har saman med Guri Tyldum kartlagt arbeids- og levekår blant polakkar i hovudstadsområdet.

- På 90-talet fekk me ei betydeleg arbeidsinnvandring frå Polen og Baltikum. Og i 2004 fekk me ei historisk utviding av EU med 10 nye medlemsland. Det er første gang i nyare tid at land med så store ulikskapar i lønns- og kostnadsnivå vert integrert i ein arbeidsmarknad, fortel Friberg.

I byrjinga kom gjerne den polske mannen åleine til Noreg for eit kortvarig opphald med arbeid til dømes i byggebransjen eller skipsindustrien på vestlandet. Etter kvart vart tendensen lenger opphald. I dag toppar polske arbeidarar statistikken over familiegjenforeining.

Etter kvart er også dei polske kvinnene blitt synlege i det norske samfunnet, då gjerne som svart arbeidshjelp. I følgje kartlegginga til Fafo arbeider tre av fire polske kvinner i hovudstaden innanfor reingjering.

ETTERLYSER NORSKOPPLÆRING

Friberg viser til at denne fleksible arbeidskrafta har fleire utfordringar når det gjeld integrering i samfunnet.

- Språket er nøkkelen til integrering. Få av polakkane me snakka med kunne engelsk. Og sidan under 20 prosent av arbeidsgivarane tilbyr norskopplæring er også mange dårlege i norsk. I byggebransjen ser ein ofte polakkar i egne arbeidslag, med tospråkleg arbeidsleiar. Mange etterlyser norskopplæring og meiner sjølv det er avgjerande for å lukkast på arbeidsplassen, seier han.

Kartlegginga til Fafo viser at totalt har 25 prosent av polakkane i Oslo-området fått norskopplæring av arbeidsgivar. I tillegg er det fem prosent som har sørga for opplæring på eiga hand. Rapporten er basert på polakkar som opphaldt seg i Oslo-området hausten 2006.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet på si side viser til at sidan ein fritt kan nytte seg av arbeidsmarknaden i EØS/EFTA-land kan ikkje



Forskar ved Fafo, Jon Horgen Friberg, meiner språk viser seg å vere ein nøkkel for integrering i den norske arbeidsmarknaden. – Dersom ein ikkje kan språket er faren for å bli utnytta bli større, seier han. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

styresmaktene pålegge personar frå desse landa språkopplæring. Heller ikkje arbeidsgivar er i desse tilfella pålagt ansvar for å betale for ei eventuell opplæring.

ULIK BEHANDLING

Til samanlikning har flyktningar og familieinnvandrere som kjem til Noreg rett og plikt til eit toårig kvalifiseringsopplegg gjennom introduksjonsprogrammet for nye flyktningar eller 300 timar med norskopplæring med samfunnsfag betalt av det offentlege. Arbeidsinnvandrere frå land utanfor EØS-området pliktar å gjennomføre 300 timar norskopplæ-

statleg tilsyn av Fylkesmannen. Det tyder at Fylkesmannen skal godkjenne alle vedtak om lån, vedtak om leige av bygg, anlegg og andre varige driftsutgifter over ein periode på fire år.

I 2004 var 118 norske kommunar under statleg administrasjon, noko som er rekord.

Færre kommunar under statleg administrasjon

Talet på kommunar som blir drivne med statleg tilsyn har vorte godt over halvart.

Kommunar som driv med underskot over lengre tid, mistar råderetten over eigen økonomi. I praksis blir dei sette under

Sidan har styrkinga av kommuneøkonomien redusert talet til 42 ved utgangen av fjoråret, skriv Vårt Land. Tre nye er sidan komne til.

Kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) gler seg over tala.

- Dette viser at kommunane er flinke til å forvalte dei midlane dei får, seier hi til avisa. (NPK)

Arbeidsinnvandringa aukar

2008 er til no eit rekordår når det gjeld arbeidsinnvandring. 95.000 utlendingar hadde gyldig arbeidsløyve i Norge 1. juni 2008. Det er om lag 30.000 fleire enn på same tida i fjor. Til samanlikning vart det på same tida i 2003 registrert om lag 20.000 gyldige løyve. Berre i løpet av mai 2008 auka talet med over 4000 løyve.

- Det er rekordmange utlendingar som arbeidar i Norge. Sommaren er normalt høysesong for arbeid. Foreløpig er det få indikasjonar på at tilstrøyminga av arbeidstakarar vil stoppe, seier assisterande avdelingsdirektør Christine Wilberg Poulsson i UDI i ei pressemelding. Framleis kjem det mest arbeidskraft frå Polen, 44.000 polske arbeidarar har arbeidsløyve i Noreg. Dette fører også til at mange vel å hente familien sin til landet. I årets fem første månadar gav UDI 1590 familieinnvandringsløyve til polske arbeidarar. Det er nesten dobbelt så mange som i 2007.

Kjelder: Utlendingsdirektoratet

Ny nettstad hjelper funksjonshemma

Den nyopna nettstaden Bygg for alle fortel rullestolbrukarar og andre rørslehemma om tilkomsten til offentlege bygg.

Fysiske hindringar og vanskar i ulike bygg er framleis eit stort problem for rørslehemma. Statsbygg ynskjer å vera ei føregangsbedrift når det gjeld å leggja til rette for alle brukarar av bygningane sine. Derfor har dei etablert nettstaden Bygg for alle, som viser tilkomsten til over 300 av eigeidomane til Statsbygg rundt om i heile landet. Her kan brukarane med rørslevanskar klikka seg inn og på førehand få opplysningar om bygget dei

har tenkt å besøkje. Statsbygg har sjølv utvikla nettstaden, som er kvalitetsikra av mellom anna organisasjonar for funksjonshemma. (©NPK)

Arbeidsinnvandring

Trenng arbeidsinnvandring



Fleire norske bedrifter må ty til utanlandske arbeidarar for å kompensere for manglande kvalifisert arbeidskraft innan t.d. verft- og gassindustri. Her frå Høgskulen i Volda. (Illustrasjonsfoto: Astrid E. Hjelmeland)

- Dersom me ikkje klarer å handtere auka arbeidsinnvandring vil me få ei større utflagging av industri frå vestlandet, seier rektor ved Høgskulen i Volda, Jørgen Amdam.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Rektor Jørgen Amdam meiner små og mellomstore kommunar langs kysten av vestlandet no er inne i ei utvikling der mange med høg utdanning kjem via arbeidsinnvandring og vert verande, ofte saman med familiane sine.

- Me ser to ulike former for tilpassing. Den eine der arbeidarane kjem som leigearbeidar i ein kort periode, den andre der ein rekrutterer fast tilsette som kjem saman med familiane sine og vert verande. Ein ser også at

som kan føre til at dei kan bruke si opphavlege utdanning i Norge. Dette bør me gripe fatt i.

Han viser også til at mange kommunar må nedprioritere dei utfordringane som asylsøkarar og flyktningar fører med seg, på grunn av den sterke veksten i arbeidsinnvandring.

- Dette er først og fremst typisk for Vestlandet der det framleis er mykje industri, sjølv om den også her er i endring: mot meir utviklingsarbeid her heime medan meir av produksjonen skjer i utlandet. Resten av landet er derimot i ferd med å bli avindustrielt, seier Amdam.

KAN BLI KONKURRANSE

Jørgen Amdam meiner det er vanskelig å spå kva denne utviklinga vil ha å seie for kommune – Norge om 10 – 20 år. Til det varierer dei økonomiske tidene for mykje.

- Industrien i samfunnet er syklisk, sjølv om me har hatt gode tider no veit me ikkje korleis det ser ut om nokre år. Dersom det vert dårlege tider vil me raskt sjå at ein held på den høgt kvalifiserte arbeidskrafta medan ein byrjar å skrelle av den mindre kvalifiserte. Dermed kan det bli ei form for konkurranse om arbeidsplassane, meiner han.

27 trafikkdrepne i august

Utrykingspolitiet håpar auken i talet på trafikkdrepne kan ha stoppa opp. 27 personar miste livet i trafikken i august. Det er like mange som i fjor.

- Vi anar at vi no kan sjå at denne auken kan ha stoppa opp, og at totaltalet for 2008 kanskje ikkje blir så høgt som det ei stund såg ut til å kunne bli, seier sjef for utrykingspolitiet Odd

Reidar Humlegård.

I heile 2008 har 191 personar mist livet i trafikken. Det er 33,5 prosent fleire enn i fjor. Sommarmånadene har derimot vist ein svakare auke, med 26,8 prosent fleire drepne. I august er tala på drepne uendra.

Gjennomsnittet for august dei siste tre åra er 23 personar. (NPK)

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle som er tilslutta LNK får sjølvsgat medlemspris. Be om LNK-pris neste gong du tingar rom.



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus.

Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.

**KOMMUNE
KREDITT**

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim

(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)

Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Nynorskversjon ikkje oppgradert på 10 år

Audun Vevatne ved Landsbylegane Stord meiner dei ikkje får den vara dei har betalt for hjå Infodoc. Nynorskversjonen av dataprogrammet deira er ikkje blitt oppgradert dei siste 10 åra.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Vevatne har nytta Infodoc sitt dataprogram for legekontor i 20 år. Han reagerer no på at nynorskversjonen som han opphavleg kjøpte ikkje er blitt oppgradert dei siste 10 åra.

- Programmet til Infodoc er i utgangspunktet eit godt utvikla program som me er godt nøgde med. Men sidan nynorskversjonen ikkje er blitt oppgradert meiner me at me ikkje får den vara me har bestilt, seier han.

IKKJE FÅTT SVAR

Saman med kollega Aasmund Storebø skreiv han 26. juni i år ein e-post til Infodoc der det går fram at legekantoret ikkje vil betale ny oppgradering før den nynorske utgåva er ferdig. Infodoc har framleis ikkje svart på denne e-posten. Vevatne har også i seinare tid skrive brev til leverandøren av programmet.

- Eg meiner det er dårleg at dei ikkje svarer oss som har vore kunde hjå dei opp mot 20 år, fortel Audun Vevatne.

Dagleg leiar i Infodoc, Bjarte Ottesen, meiner nynorskversjonen av programmet er tilstrekkeleg og legg vekt på at den nynorske marknaden er liten. I følgje han er all kommunikasjon som går ut frå programmet, som til dømes reseptar og brev, på nynorsk. Sjølve programvara er likevel på bokmål.

- Me meiner dette er tilstrekkeleg som nynorskversjon, sjølv om lede-



Infodoc er den einaste leverandøren av nynorskprogram for legekantoret på marknaden. (Illustrasjonsfoto: stock.xchng)

tekstane i programmet er på bokmål, seier Ottesen og legg vekt på at selskapet har få nynorskundar, og ikkje har fått klager når det gjeld språkvalet i programmet før.

Infodoc er den einaste leverandøren av nynorskprogram for legekantoret på marknaden.

FOR LITEN MARKNAD

I følgje Bjarte Ottesen har ikkje selskapet nokre planar om å utvikle nynorskprofilen i programmet, til det er marknaden for liten.

- Eg vil ikkje kommentere enkeltsaker. Dette er ein kundesak, og me vil naturlegvis gå i dialog med kunden, men me har ingen planar om å utvikle programmet, seier han.

Audun Vevatne er likevel klar i sin kritikk av Infodoc og meiner tilbodet deira er for dårleg.

- Det var eit poeng for oss at me kjøpte ein nynorskversjon av programmet. Dette høyrer ikkje heime, meiner eg. Men det skjer ofte, det er lov å diskriminere nynorsk utan at det får følgjer.

Legekantoret Stord ventar no på svar frå Infodoc og vil stå på kravet om ei nynorsk oppgradering av programmet før dei betalar rekninga.

Jordbruksstøtta halvert på tjue år

Den samla støtta til jordbruket er halvert på tjue år. Medan jordbruket i 1987 fekk 33 milliardar kroner, var støtta i fjor redusert til 16,3 milliardar kroner.

Det viser ein fersk rapport frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning som baserer seg på tal frå OECD, skriv Nationen.

Effektivisering av jordbruket og auka prisar internasjonalt er nokre av årsakene. I tillegg er inntektene til bøndene nær uendra i den same perioden.

- Bøndene blir stadig lovd større inntekter dersom vi effektiviserer drifta. Kvar av oss spring stadig raskare og produserer stadig meir, men vi får ikkje meir igjen. Dette er direkte lurert, seier leiaren i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Ole-Anton Teigen, til avisa.

I grove trekk er produksjonen i dag den same som i 1987. Samtidig har talet på bønder vorte redusert frå godt over 100.000 til 61.000 årsverk.

Støtta målt etter årsverk var 149.000 kroner for kvar bonde i 1987 og 156.000 kroner i 2007, målt etter kroneverdien i 2007. (NPK)



Med nynorsk på banen

Alle kan teksten til fotballsongen Stao no pao. Sogndal Fotball har markert seg med nynorsk profil i norsk toppfotball.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Me snakkar med spelarane våre om språk og identitet. Det er med å gi dei tryggleik, seier Rasmus Mo, marknads-sjef i Sogndal Fotball. Nynorsken og Sogndialekta skal vere med på å gjere fotballklubben unik.

Me møter Mo midt under Sognefjord Lerum Cup. For vel 4000 born mellom 11 og 14 år er dette årets høgdepunkt. For saftbygda med sine 7000 innbyggjarar er det årets dugnadsinnsats. For Sogndal Fotball handlar det om idrettsglede og rekruttering. På banen framfor oss er det lange spark etter ballen, intensiv heing frå sidelina og engasjerte og høgroysta trenarar. Det kokar på Sogndal sin treningsbane i Hafslø.

- Me skal skape morgondagens heltar. Ikkje berre fotballmessig, men også som sunn ungdom, meiner Rasmus Mo og peikar på satsinga rundt heimebanen Fosshaugane Campus der ein skal samle Idrettssenteret, Høgskulen i Sogn og Fjordane og den vidaregåande skulen i Sogndal.

Målet er at milliardprosjektet skal gi eit tilbod om det meste innanfor eit lite geografisk område, og at ungdommane skal få den rette heimkjensla. Rasmus Mo kallar det eit 5 minutt-samfunn.

- Du skal føle deg heime i Sogndal, sjølv om du er frå Oslo, seier han.

BEST PÅ HEIMEBANE

For Sogndal er nynorsk ein naturleg identitet. Ein identitet som er med på å skape heimkjensle.

- Alt av marknadsføring hjå oss er på nynorsk. Det er dette som er Sogndal og som er med på å gjere oss spesielle og attraktive. Me kan aldri bli Lillestrøm eller Brann, me må markere oss med andre ting, meiner marknads-sjefen som har lite tru på at nynorsken kan forsvinne.

Men det krev bevisste handlingar. - Me må våge å bruke nynorsk. Den dagen me byrjar å vikariere er det stopp, meiner han.

Om med nynorskbedrifter som Lerum, Sparebanken Vest og Sognekraft som sponsorar er truleg profilen heilt på sin plass. Supporterklubben med namnet Saftkokaradn sender også ut tydelege signal om kva dei meiner om språkprofilen til laget.

Sogndal er også landets beste heimelag. I følgje ei oversikt VG tidlegare presenterte tok laget i løpet av perioden i Tippeligaen over 70 prosent av sin totale poengfangst på heimebane. Noko av forklaringa ligg truleg i at 60 prosent av spelarane er lokale, likevel går fansen langt utover vestlandsbygda sine grenser.

- Fanskaren vår høyrer heime frå Svalbard til Lindesnes, slår Mo fast.

GODT LIKT DIALEKT

Rasmus Mo trur for sin del at litt av den gode heimstatistikken kan forklarast med at gjestene vert møtt av refrongen frå slageren Stao no pao i trappa opp til banen: Stao no pao, superlag frao Sogndal. Da er ikkje noken som kan slao oss no. Stao no pao, super-

lag frao Sogndal. Da er ingen andre som er lika og.

- Banen er vår, smiler Mo. Daniel Kvåle frå Sogndal er sjølv nynorskbrukar og er ein av spelarane på laget som ser at klubben nyt godt av den bevisste språksatsinga.

- Eg trur mange likar dialekten vår. Refrenget til Stao no pao blir sunge både i inn – og utland. Truleg heiar også mange på oss fordi me er små og har gjort det bra. I tillegg har me mange unge spelarar som har fått utvikla seg i klubben, seier han om suksessen og viser til Flo-gutane og Eirik Bakke som dei største stjernene frå saftbygda.

**ABC
Startsida®**
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsida.no

Rettar blikket utover

Det har aldri vore noko spørsmål om Astrid Versto (54) skal bruke nynorsk. No tek ho Vinje – dialekten med seg til utlandet.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Astrid Versto kjem to minutt for seint til avtalen vår og orsakar seg på det sterkaste, ho har nemleg vore på tysk-kurs. Tida som kommunikasjonssjef ved Slottet er over, no set Versto kursen mot Wien og jobben som ministerråd ved den norske ambassaden.

- Det er mykje praktisk som skal ordnast i løpet av kort tid. Det er mykje nytt, ikkje minst når det gjeld språk. No kjem eg til å bruke tysk, engelsk og nynorsk. Men eg gler meg til å bli kjent med eit nytt land, smiler ho.

Med på flyttelasset nedover i Europa vert også ektemannen Terje Svabø som skal pendle heim til Noreg og journalistjobben i TV2.

- Det er ikkje langt veit du. Sjølv om Wien vert omtala som hjarta av Europa er det ikkje langt heim, seier ho og vedkjenner at ho er heimekjer. Astrid Versto er både lokal og global, alt på same tida.

SAKNAR JOURNALISTIKKEN

Astrid Versto er også søster til politisk redaktør i VG, Olav Versto og dotter til tidlegare Ap-politikar, Aslak Versto. Det osar samfunnsengasjement og politisk interesse av familien frå Vinje. Også Astrid lukta ei tid på livet som SV-politikar.

- Men eg satsa aldri fullt og heilt på politikken. Ein kan vel seie at mitt samfunnsengasjement tok andre retningar, seier ho.

Yrkeskariieren til Versto byrja som lærar. Men det var før ho søkte seg inn på journalisthøgskulen.

- Eg var den einaste studenten på journalisthøgskulen frå 1983 – 85 som brukte nynorsk. Eg fekk spørsmålet om kva karriere eg trudde eg kom til å få, men for meg var nynorsk det mest naturlege når eg skulle formidle ein bodskap.

Etter journalisthøgskulen vart det 15 år i NRK, deriblant som leiar for politisk avdeling. Tida i NRK snakkar ho gjerne varmt om, det var ei tid der fleire med den same bakgrunnen samla seg i Dagsnytt – redaksjonen, blant anna Ingvild Bryn frå Voss som i dag arbeider som nyhendeankar i Dagsrevyen.

- Du må skrive noko fint om Ingvild, me har mykje til felles, smiler ho.

Framleis hender det at ho saknar journalistikken.

- Eg vil alltid sakne journalistikken, særleg når det er val eller det skjer noko stort i norsk politikk, seier ho.

LITE MOTSTAND MOT NYNORSK

Astrid er kjend for nynorsken sin, for det stødige språket ho utover på den mest naturlege måten.

Og sjølv om det i tida i NRK kom nokre brev til redaksjonen der unge Versto vart oppfordra til å pakke seg heim att med grautmålet sitt, vil ho sjølv påstå ho har møtt lite motstand mot språket sitt.

- Eg har hatt den innstillinga at dersom folk vil tilsetje meg så brukar eg nynorsk, det har ikkje vore noko spørsmål, verken i NRK eller i tida som kommunikasjonssjef og personal – og administrasjonssjef i NO-RAD, der ho også var den første til å skrive leiarane i bladet Bistandsaktuelt på nynorsk.

Nynorsken vart heller ikkje noko problem som kommunikasjonssjef ved slottet. Snarare tvert i mot, seier ho og viser til at kongefamilien har uttrykt glede over nynorsken hennar.

- Ein kan vel seie det slik at nynorsk tidlegare har vore ganske fråverande på Slottet. No laga me til dømes nye

nettsider til Kongens 70-årsdag der me fekk inn eit vedtak på minst 25 prosent av innhaldet skulle vere på nynorsk.

Men Astrid Versto veit at ikkje alle har hatt eit så enkelt liv som nynorskbrukande journalist og meiner ho sjølv har hatt kloke arbeidsgivarar.

- Det handlar om å sjå på nynorsken

- Eg har hatt den innstillinga at dersom folk vil tilsetje meg så brukar eg nynorsk

som ein styrke. Og eg har vore heldig, meiner ho.

Ho er sjølv malkvinne med bakgrunn frå styrearbeid både i Vinje, Telemark og Noregs Mållag og ser kva utfordringar nynorsken har i dagens samfunn. Sjansen til å bruke nynorsk i alle samfunnsomhangar er viktig. Og ho brenn for sidemålet.

- Eg har aldri skjona at å kutte ut eit fag skal gi deg betre innsyn i eit anna fag, seier ho og viser til sidemålsforsøket i Oslo –skulane.

LOKALT OG GLOBALT

Astrid har kraftige røter i Vinje og bygdekulturen.

- Eg er vel kanskje litt urban, men eg blir aldri noko bymenneske, seier ho og snakkar om seg sjølv som ei fjellgeit som søkjer meir og meir mot naturen.

Ho er glad i litteraturen til ekteparet Tarjei og Haldis Moren Vesaas og er fasinert over den måten forfatarane både såg innover og utover, det lokale opp mot det internasjonale. Bakgrunnen frå Vinje med dialekten, nynorsken, folkemusikken – og dansen og tonane til Odd Nordstoga er noko ho sjølv tek med seg ut i verda. Det er ikkje alle som veit at Astrid Versto sjølv har vore ein habil folkedansar.

- Det er dette som er identiteten min, seier ho.

Sjølvmelding



(foto: Judith Sørhus Littlehamar)

Namn: Astrid Versto
Alder: 54

Bur: Bærum, flyttar til Wien for å arbeide som ministerråd ved den norske ambassaden.

Aktuell: Gjekk nett av som informasjonssjef ved Slottet. No ventar ny jobb i Wien.

I det sivile: Gift med TV2 – journalist Terje Svabø, eit barn.

Språk: Nynorsk

Les: No les eg mykje om Austerrike. Og på sommaren les eg alltid mykje Hamsun. Elles har eg lese Drageløparen av Khaled Hosseini og Saman er ein mindre åleine av Anna Gavalda som "alle" les for tida. Og sjølvsgatt det mykje avislesing, men det er jo ein del av jobben.

Høyrrer: Det blir mykje Rolling Stones og Åge Aleksandersen heime hjå oss på grunn av mannen min. Men eg er glad i folkemusikk og høyrrer mykje på til dømes Odd Nordstoga.

Beundrar: Haldis Moren Vesaas som ei føregangskvinne for bygdejenter. Og forfatarar som Arne Garborg, Aasmund Olavsson Vinje og Tarjei Vesaas, som våga å vere både lokale og internasjonale.

Språkråd



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis i norsk -
medlem av Norsk språkråd

Norsk språkbank, bra for nynorsk?

I den spennande språkmeldinga som Giske la fram rett før sommaren, er dyraste tiltaket det som blir kalla Norsk språkbank. Kva slags bankvesen er no det? Poenget er at staten no seier seg villig til å syta for at alle elektroniske data om språk skal gjerast tilgjengelege for både næringsliv og forskning. Det vil seia at du kan få tak i alt som er lagra på data av ordbøker, av skriftelege tekstar og innlesen tale, på ein stad. Treng du til dømes store mengder avistekstar frå ulike aviser, finn du det. Treng du dialektprøver frå Nord-Noreg, finn du det. Skal du laga malar for nynorsk normaltale, då finn du kanskje Ingvil Bryn, Herbjørn Sørebo og Are Kalvø i banken.

Det er eit spennande prosjekt, som vil kosta flekk: 100 millionar over 5-6 år er prislappen. Det blir spennande å sjå om oppstartløyvinga kjem på årets budsjett.

Dette er viktig for nynorsk. Har ein skikkeleg grunnlagsmateriale, blir det mykje lettare å laga automatiske omsetjingsprogram. Når legen les inn pasientjournal på diktafonen sin, blir det lettare å få datamaskina til å laga tekst på nynorsk. I framtida kan ein tenkja seg at materialet kan brukast til å laga hjelpeprogram i skulen, til å laga program som kan laga kunstig tale, med både normalnynorsk og nokre typiske dialektar. Sjølv er eg fasinert av tanken på at eg kanskje kan snakka med mobilen min om nokre år, på sognemål. Men dei får vel ikkje til dei harde r-ane og alle badla og kadla og bjodnadn, tenkjer eg.

Ein har lett for å rista på hovudet av slike nymotens greier. - Har de funne på noko nytt å kasta vekk pengar på, no då, fekk eg til kommentar her om dagen. Hugs då: Alt i dag kan du snakka til mobilen og få han til å lyda. Men då må du snakka engelsk! I framtid-Noreg må det gå like lett på nynorsk.

Luster best å bu i

Luster kjem best ut av Dagens Næringsliv sin kommunekåring. Dei store vinnarane i kåringa er kraftkommunane.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Kraftkommunane som er markert med lyn, kjem strålande ut og dei openbare vinnarane i vår kåring. Byar, Nord – Noreg og kysten på sør – austlandet er taparane. Dette viser at fisk og olje ikkje betyr så mykje for den enkelte kommune som vasskrafta. Det er også påfallande at innlandet kjem betre ut enn kysten. Vanlegvis er det omvendt, skriv politisk redaktør i Dagens Næringsliv, Sofie Mathiassen i ein kommentar.

Kommunekåringa er utført i samarbeid med Statistisk Sentralbyrå. Dei 431 kommunane er målt mot kvarandre ved hjelp av 29 ulike indikatorar. Sjølv kartlegginga er delt inn i tre kategoriar: levestandar, tenestetilbod og sosiale forhold. Aller best ut kom Luster kommune i Sogn og Fjordane.

- Småkommunane kjem høgt opp fordi dei unngår mykje av trengsels-

problematikken i dei store byane, seier SSB-forskar Anders Barstad til Dagens Næringsliv.

Han meiner distriktskommunen Lusters tilgang på naturgoder, låge bustadprisar, låge innbyggjartal med oversiktlege sosiale forhold og lite kriminalitet fører til at dei skårar høgt i konkurransen.

- Vestlandsfaktoren spelar nok også inn her. Det er jo i større grad ein religiøst forankra kultur enn i mange andre kommunar, med sterke normer

mot for eksempel rus og skilsmisser. Men dette betyr også at dei som ynskjer å ruse seg eller skilje seg ofte flytter ut, forklarar Barstad.

- Me prøver å legge til rette for vekst. No har me full barnehagedekning, og me opna to nye skular i fjor. Så har me ein flott natur, seier Luster – ordførar Torodd Urnes til Dagens Næringsliv.

Han viser også til kva kraftinnetene har å seie for kommunen.

- Det kommunen tener på straum, går attende til fellesskapen i form av skular, barnehagar og eldreomsorg. Eldre i Luster får den hjelpa dei treng, dei fleste ynskjer å bu heime lengs mogleg. Dessutan har billig straum eit miljøaspekt – me skal ikkje legge til rette for at folk kan ha billige straumkablur i garasjen.

Ti på topp:

Kommune	Fylke	Levestandard	Sosiale forhold	Tenestetilbod
Luster	Sogn og Fjordane	40	2	4
Leikanger	Sogn og Fjordane	4	3	47
Forsand	Rogaland	49	20	7
Suldal	Rogaland	47	10	34
Masfjorden	Hordaland	11	49	49
Sirdal	Vest – Agder	65	61	1
Hjelmeland	Rogaland	36	35	77
Siljan	Telemark	79	11	65
Tydal	Sør – Trøndelag	126	9	31
Lærdal	Sogn og Fjordane	96	70	10

Microsoft Office OneNote 2007 – alt du treng på ein stad

Microsoft

OneNote er ei digital notatblokk der du kan samle notatar og informasjon, med kraftig søkefunksjonalitet og som gjer det enkelt å dele informasjon med andre.

Samle notatar og informasjon på ein stad
Samle, lagre og administrer notatar og informasjon, inkludert tekst, bilete, digital handskrift, lyd- og videoinnspeljingar, med meir, på ein enkelt stad.

Organiser ting på din måte
Organiser informasjonen slik det høver best for deg. Vis alle dei opne notatblokkene i ei enkelt visning, og organiser samt omorganiser notatane dine på enkelt vis med dra-og-slepp-funksjonalitet.

Enkelt å skaffe
OneNote 2007 er ein del av Office 2007-familien. Mange Microsoft-kundar har alt tilgang til OneNote 2007 gjennom leigeavtalar (School Agreement). Spør din IT-ansvarleg om de har leigeavtale med Microsoft – i så høve kan du ta det i bruk i dag. Om ikkje er det enkelt og rimeleg å skaffe.

Arbeid effektivt saman
OneNote 2007 er eit effektivt samhandlingsverktøy som opnar for nye moglegheiter å samarbeide på. Med OneNote 2007 kan både ditt og andre sitt arbeid samlast på ei felles arbeidsflate.

Les meir på:
www.microsoft.no/education

Microsoft Office OneNote 2007



Vil ha samisk pressekontor

Redaktør Ánte Bals i den samiske avisa Ávvir meiner eit samisk pressekontor vil styrke språket.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det var Arbeiderpartiets Bjarne Store-Jakobsen som i Sametinget la fram forslaget om å etablere eit eige samisk pressekontor tidlegare i år. Store – Jakobsen meinte ifølgje NRK Sámi Radio at også norske aviser burde ha stor interesse av gratis stoff, produsert på lulu – og sørsamisk.



ikkje Altaposten ville nytte seg av eit slikt tilbod.

- I utgangspunktet har ikkje me nokon plan om å byrje å trykke samisk. Hjø oss er det ikkje noko tema, meiner han.

Det var Arbeiderpartiets Bjarne Store-Jakobsen som la fram forslaget om eit eige samisk pressekontor i Sametinget. Forslaget får brei støtte i samiske medier. (Foto: Hagbart Grønmo)

TRENG STOFF PÅ SØRSAMISK

Redaktør Ánte Bals i avisa Ávvir ser også godene med fleire aktørar på samiske nyhende.

- Eg håpar også at norske aviser då ville vurdere å trykke samiske nyhende. Det hadde vore uvurderleg for språket. Me redigerer avisa vår på nord-samisk, og ser at når me skal byrje å skrive lulu – sørsamisk vil me slite med å finne skribentar. Kanskje kunne eit slikt pressekontor både hjelpt oss med skribentar og stoff på sørsamisk, seier han til LNK-avisa og legg vekt på at litt konkurranse berre er sunt.

- Dess fleire aktørar i samisk media, dess betre meiner nå eg. Eg trur pressekontoret kunne blitt ein god samarbeidspartnar for oss.

Ávvir er ei samanslåing av fleire samiske aviser og har vore på marknaden i seks månadar. I byrjinga var det ei tre – dagarsavis, no kjem den ut som dagsavis.

IKKJE NOKO TEMA

Saman med Finnmark Dagblad er Altaposten dei to største eigarane av Ávvir. Ansvarleg redaktør i Altaposten, Rolf Edmund Lund meiner alle tiltak som kan føre til at fleire får lese samisk er bra. Likevel trur han

Lanserer nynorske teikneseriar

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa lanserer no ein ny nettstad der det vert presentert nynorske teikneseriar og andre ressursar for dei som vil nytte teikneseriar i norskfaget.

Her finn du både gamle klassikarar som Smørbygg og teikneseriar av nyare dato. Elevane kan lese og bla i seriane på skjermen, eller dei kan skrivast ut i god kvalitet. Dei som er interesserte kan også finne tips frå norske seriekaparar om korleis ein kan lage gode teikneseriar, alt frå idé, manusskriving og utsnitt.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* I snitt pr. veka ** Gallup 1/2007

... situasjon at for d
nye ting, in
ne. Dette sk
e. kommun
psupporter
Han pekar
ske analyse
tar at presse
te teneste
resteringom
n torer til
sum, og pro
Sveio kom
ert mykje. I
sketeleg å
skjer eller
for dei ramme
er tilfeldt man
en vekk under
rapporten
n rapporten
grund til sun
or halda fram
t sett i gang
nen og følgje
erlegare til
Mellem det
y til, er ein total
alle teneste
på å få fram
sial. I dette
ta, rette, sa
ingar som
nekkapav
n vil de kart
på einpar
ika omsitt
å sjå til at de
rdning av le
ysing av dese
erme delegasjon
å gjennomgå
eddel for til
sar til skul
beid med
ministrativ
på å frigi
da fram.
Det gir v
qito og det
et spjølyste
nspillet er
resultatet
nen er kom
n rømt sett
Kroy er mo
opin.
Fato for f
ertorbuk
på til
lioniar kro
Ra
barnelag
ik på 3,1
ma opp 1,7
e gjort kor
område, be
er overfor
og vil kunn
som det
dringar. På
attemikoma
sve barde
reskoyta. F
I Fjoldroy
04, men er
no, ikkje
ss. kommun
llon, anna
000 kroner
saka har v
mmunen et
vart vurdert
met. Eigare
vedtaket,
ide difor sak
nnen i vint
e månader
me tekk til
me saka er
i klagenst
s sjølv kan
u dette med

Å kryssa ein fjord...



...er eit stort mål for mange. Det gir framtidstru og vekst.

Kommunekreditt vil at det skal bli lettare å kryssa fleire fjordar.

Gjennom femten år har me vist vilje til å finne gode løysingar for kommunenoreg, slik at midlane strekker lenger.

**KOMMUNE
KREDITT**

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim

(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)

Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no



Finn formen i periferien

På Periferifestivalen i Glesvær var dei trekkplaster, til hausten skal dei på revyturnè. Venegjengen i Finn Erix solar seg i nynorskglansen.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

I augustsol og havsus vandrar dei fire vestlandshumoristane og musikarane Finn Tokvam, Halvor Folgerø, Odd Erik Lothe og Olav Stedje rundt på den idylliske kaien i Glesvær i Sund kommune. Dei tre første utgjør Finn Erix, medan Olav Stedje er med som

overraskning for kvelden. Nervene skal roast og dei siste planane leggjast før gruppa skal forsvare tittelen som trekkplaster på festivalscenen seinare på kvelden. På festivalplakaten ruvar dei nemleg øvst, over kjende bandnamn som Madrugada, Ralph Myerz og Datarock. For er det ein plass karane kjenner seg heime og finn det naturleg å vere hovudattraksjon, så er det nettopp i periferien.

NYNORSK OASE

- Vi kjem alle frå små plassar, slår Tokvam fast.
- Sjølv er han frå Flåm i Aurland kommune.

Finn Erix

Finn Erix er sett saman av Finn Tokvam, Halvor Folgerø og Odd Erik Lothe. Gruppa er mellom anna kjend som husorkester i radioprogrammet Radio Raynda.

Finn Tokvam og Halvor Folgerø er i vidare kjende som journalistar i NRK og som forfattarar, med romanen "Tyl" som kom i 2005.

Hordaland teater si oppsetjing "Vestlandsrevyen" gjekk for fulle hus i Bergen sist vinter. Der spelar Finn Tokvam, Halvor Folgerø, Claus Sellevoll, Ragnar Hovland og Olav Stedje. Denne hausten skal revyen turnere langs heile Vestlandet.

- Eg er riktignok frå byen på Stord, skyt Folgerø inn.

Han siktar til Leirvik, som har fått bystatus i seinare tid. Lothe vaks opp i Kjølisdal i Sogn og Fjordane, medan Stedje kjem frå Sogndal. Nynorsken og det vestlandske lynnet er nettopp det som bind karane saman, og dette går som ein raud tråd gjennom det meste av det dei driv med: radio, revy, musikk og skrivning. Det var også nynorsken dei gjorde suksess med då "Vestlandsrevyen" gjekk for fulle hus og fekk høge terningkast på Logen Teater i Bergen sist vinter.

- Odd Erik og eg budde i lag på Nordnes i Bergen. Der hadde vi ein nynorsk oase. Det var i grunnen der alt starta. Det meste har vakse ut derfrå, forklarar Tokvam.

NERVØSE FØR PREMIEREN

Det er livleg og avslappa stemning bak scenen i Glesvær. Ikkje noko tyder på nerver. Likevel innrømmer karane at dette plagar dei for dei skal opptre. Rett nok ikkje i same grad når dei spelar med Finn Erix, som då dei sto på revyscenen i Bergen sist vinter.

- Vi er redde for å vise oss fram. Det er noko vestlandsk ved det, meiner Folgerø

- Før premieren var eg ikkje menneske, minnest Tokvam.

Etter kring 20 forestillingar i Bergen, meiner Folgerø at dei blei varmare i troya.

- Men de er då vande med å opptre?

- Vi var ikkje vande med å vere på scenen på den måten. Eg er ikkje vant med å bli styrt slik vi blir i revyen, forklarar Stedje, og viser til apparatet og scenografien dei må halde seg til på revyscenen.

- Forventa de suksessen i Bergen i vinter?

- Vi er vestlendingar med svartsynet i orden. Vi var ikkje fulle av forventningar. Det var fantastisk at det kom så enormt med folk, seier Tokvam.

- Vi var på den eine sida redde det skulle komme folk. Samstundes tenkte vi at det var jo kjekt viss det kom nokre, utdjuvar Folgerø.

REISER HEIM

Enkelte endringar må gjerast med "Vestlandsrevyen" for å tilpasse han til dei mange scenene frå Haugesund i sør til Ålesund i nord, som gjengen planlegg å besøke i løpet av oktober og november. Den nøyaktige turneruta er ennå ikkje heilt klar. Framover skal det øvst meir, og vi blir lova at

På plakaten til Periferifestivalen bar dei fått namnet sitt øvst. Det er Olav Stedje (f.v), Odd Erik Lothe, Finn Tokvam og Halvor Folgerø godt nøgde med. (Foto: Ingrid Hillestad)

høgdepunkt som ein mykje omtalt basar framleis vil vere med.

- Det blir fine premiar no og. Når vi heftar folk og får dei ut heimefrå, må vi premiere dei, meiner Tokvam.

- Er det enkelte plassar de gler dykk meir til å spele enn andre?

- For meg blir det spesielt å spele i Aurland, der eg er frå, held Tokvam fram.

Dei andre nikkar stadfestande. Dei trur det blir spesielt å komme heim og vise revyen.

NYNORSKHELTAR

Medan mange tar tak i målspørsmålet ved å klage, snur karane i "Vestlandsrevyen" på flisa og meiner at det går bra med nynorsken.

- Kva legg de i at det går bra?

- Den beste fotballtrenaren, Mons Ivar Mjelde, er nynorskmann. Den beste popstjerna, Olav Stedje, er nynorskmann. No er også den nest beste symjaren i verda, Alexander Dale Oen, nynorsking, forklarar Tokvam.

I revyen tar dei ganske enkelt tak i ulike samfunnslag og finn einarane der. Dei er tilfeldigvis ofte nynorskingar. Det underfundige, tvitydige og snevet av sjølvironi ligg heile tida i botnen. Eit par kjærlege spark til mål-rørsla dukkar også opp i revyen.

- Men det kan bli annleis no. Vi fekk jo målprisen i år, kjem det tankefullt frå Tokvam.

Dei to prisvinnarane, Folgerø og Tokvam, har også ei romanutgjeving bak seg. Boka "Tyl" kom i 2005. Det var under arbeidet med denne at kontakten med Olav Stedje, som er ein av figurane i romanen, blei skapt. I denne prosessen blei dei også kjende med forfattaren Ragnar Hovland. Dermed kunne Folgerø og Tokvam starte samarbeidet med to av dei største nynorske heltane sine.

I FESTSTEMNING

- Vi bruker nynorsk fordi det er naturleg for oss. Vi bruker det til humor og underholdning. Viss det kan føre til at nokon blir stolte av å vere nynorskbrukarar, er det fantastisk kjekt, meiner Folgerø.

Mykje av moroa for vestlandshumoristane er å møtast for dei skal opptre, som dei gjer denne kvelden bak scenen i Glesvær. Stemninga er munter og lite tyder på at dei omtalte nervene er til stades.

- Det du har det kjekt med sjølv, kan også andre ha det kjekt med, avslører Tokvam som gjengen sitt enkle motto.

Dei fire viser fram staselege blå silkekappar som dei denne kvelden vil ta utanpå dei raude dressane sine. Desse er nemleg alltid på når karane spelar superpopulær musikk med Finn Erix. No må dei slå på stortromma for å forsvare statusen som trekkplaster på rockefestivalen i havgapet.

- Vi likar same kva å gjere forskjell på kvardag og fest, slår Tokvam fast.

Ei solid språkmelding

Nynorskmiljøet viste stor glede over språkmelding som statsråd Trond Giske la fram tidlegare i sommar.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Statsråd Trond Giske og regjeringa har lagt fram ei solid språkmelding. Språkmeldinga har konkrete og offensive tiltak for nynorsken. Ekstra gledeleg er det at Trond Giske gjev full støtte til kravet om at riksavisene bør sleppe til nynorsk på redaksjonell plass, seier Hege Myklebust, leiar i Noregs Mållag i ei pressemelding.

Myklebust viser også til fleire positive trekk ved meldinga.

- Meldinga slår fast at minoritets-språklege må få rett til å lære nynorsk. Det er heilt i tråd med det Mållaget har teke opp – fritaksordninga blir i dag praktisert på ein slik måte at mange med innvandringsbakgrunn ikkje får høve til å lære nynorsk, sjølv om dei meistar bokmål godt. Ei anna viktig sak er at generelle kulturtiltak som til dømes den kulturelle skulesekken skal få ein særskilt nynorskprofil. På denne måten vil barn og unge få møte nynorsk og andre stader enn på skulen, meiner ho.

Språkmeldinga gjer det klart at regjeringa ønskjer ei allmenn språkløp, og at språkpolitikken skal vere sektorovergripande. Det skal også kome ei språkpolitisk melding til Stortinget kvart fjerde år, og Språkrådet skal utarbeide ein årlig språkpolitisk tilstandsrapport. - Innhaldet i meldinga er så godt at den største utfordringa vår no blir å få regjeringa til å gjennomføre tiltaka raskt, seier Hege Myklebust

**ABC
Startsida®**
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Eidfjord



(Foto: Astrid E. Hjelmealand)

Generasjonar i strikkedugnad

Eit omfattande strikkeprosjekt har samla unge og eldre i Eidfjord.

ASTRID EIDHAMMER HJELMEALAND
astrid@norsk-plan.no

Det er ikkje alltid det stemmer at ting tar tid i ein kommune. Med utspring i eit møte mellom kunstnar og kunsthistorikar Lena Gåserud og samfunnsutviklar Lisbeth Bygstad har eit omfattande stadsutviklingsprosjekt kome i hamn i løpet av berre nokre månadar.

GRAKNITTI

Prosjektet som har fått namnet "graknitti" har samla innbyggjarar i Eidfjord til ein real strikkedugnad, som har resultert i at 29 tre er blitt kledd i strikk i ulike mønster i kommunen. Skuleelevar, eldre og unge har stått fritt til å utforma lappar i strikk med store pinnar.

Frå 16 damer på informasjonsmøte i mars balla det på seg til rundt 50 bidragsytarar, fortel Bygstad. Det var til og med dei som kom og ville strikka etter me hadde nok strikk til alle trea. Difor dekorerte me ni tre i øvre Eidfjord i tillegg til 20 i sentrum.

- Eit slikt prosjekt som dette fangar noko i tida, seier Gåserud, og ho understrekar kor viktig det er at ein i slike tilfelle drar inn personar som til vanleg ikkje er så synlege i samfunnet. Det er ikkje alle som er aktive i idrett eller andre synlege aktivitetar i eit lokalsamfunn.

ERFARING FRÅ CHICAGO

Medan det offentlege rom i storbyar som oftest er styrt av reklameindustri og bestilte kunstneriske utsmykningar, har det vore liten praksis med å samla folk til å dekorera, ifølgje Gåserud. I løpet av sine fem år i Chigago jobba ho med ulike integreringsprosjekt i samarbeid med The University of

Chicago for å samla folk frå ulike kulturelle bakgrunnar, og då var strikk eit viktig verkemiddel.

VAREMERKE

At prosjektet har vore vellukka i Eidfjord er det ingen tvil om. Det er ifølgje Bygstad campingturistar i Øvre Eidfjord som er blitt inspirerte og har tatt saka i eiga hand og strikka og pryda stolpane på campingplassen. I dag byrjar det å bli eit varemerke på kommunen.

Det har vore eit intenst men vellukka prosjekt, seier Bygstad. Frå å ha både negative og positive reaksjonar i byrjinga, har dei negative røystene nå slukna. Prosjektet er vellukka grunna det gode samarbeidet mellom innbyggjarane og kommunen, understrekar Gåserud.

MILJØPERSPEKTIV

I tillegg til at strikking fungerer som eit kommunikasjonsmiddel på tvers av kulturar og generasjonar, har prosjektet også eit mål å gjera mennesket bevisst på sitt forhold til naturen.

"Graknitti"- prosjektet har både ein samfunnsseffekt og eit miljøperspektiv, seier Gåserud. Det viktigaste med prosjektet er at lokalsamfunnet bidrar. Men det er heilt klart at eit tre med strikk vil sjå annleis ut om våren utan lauv enn om sommaren, seier ho.

Prosjektet er også sårbar i forhold til hærverk. Men i Eidfjord har ein berre hatt eit tilfelle der strikket har rakna. - Då tok utformaren ansvar og strikka nytt, seier Gåserud.

Graknitti

Målet med prosjektet er å:

- Setja fokus på det offentlege rom i urbane landskap som i aukande grad er i ferd med å bli meir privatisert og kommersialisert
- Stimulera til sosial samhandling mellom menneske
- Setja fokus på forholdet mellom menneske og natur

Strikkemateriale blir brukt:

- Som ei kobling til gamal handverkstradisjon, historie og nostalgi
- For å synleggjera



sjølve strikkemønsteret, korleis det er laga og korleis strikking kan skapa nye nettverk

- Som ein interaktiv sosial prosess - "sosial skulptur", for å bygga nye relasjonar

kjelder: http://www.hordaland.no/upload/Regional%20utvikling/kommunesamarbeid/pdf-filer/%08_Graknitti-IngertGasemyr.pdf

(Foto: Toyni Tobekk)

Eidfjord



Liten kommune går i pluss

Fråflyttingsspøkelset trugar dei fleste små utkantkommunane på Vestlandet. Det er ikkje tilfelle i Eidfjord.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Vi hadde ein positiv folketalsauke på to prosent både i 2006 og 2007, fortel Eidfjord-ordførar Anved Johan Tveit (Sp) fornøgd. Etter å hatt nedgang i folketallet i mange år, har Eidfjord no greidd å bygge seg opp frå snautt 900 innbyggjarar i 2006 til 933 i 2008 (SSB). Og fleire er i vente.

IKKJE BERRE HOLLENDARAR

Kommunen har saman med seks andre kommunar gått inn i tilflyttingsprosjektet Flytt til Hardanger. Ein del av prosessen desse kommunane skal gjennom handlar om å få hollendarar til å flytte til kommunane gjennom selskapet Placement. Denne prosessen har Eidfjord allereie starta med, noko som har resultert i 25 tilflyttarar frå Nederland. Men ifølgje ordførar Tveit flytta desse så seint til kommunen at dei faktisk ikkje er ein del av den positive auken frå i fjor, men kjem til å syne att på statistikken når 2008 skal oppsummerast.

OPTIMISME MED BRU

Så korleis kan ein forklare at stadig fleire ønskjer å flytte til ein liten kommune inst i Hardangerfjorden med vidda som næraste nabo og 70 svingete, smale kilometer til nærmaste by, Odda? Ordføraren meiner Hardangerbrua er svaret.

- Vi har hatt ein positiv vekst etter vedtaket om bygging av Hardangerbrua. Eg er ikkje i tvil om at brua har gitt stor optimisme hjå folk som allereie bur her og ikkje minst folk som vurderer og flytte hit.



Eidfjord bar hatt ein positiv vekst etter vedtaket om bygging av Hardangerbrua ifølgje Eidfjord-ordførar Anved Johan Tveit (Sp) (Foto: Astrid E. Hjelmealand)



Eidfjord-ordførar Anved Johan Tveit (Sp) har hatt positiv folketalsauke dei siste par åra og ventar positive tal framover. (Foto: Toyni Tobekk)

KJEM ATTENDE

Hardangerbrua kjem ikkje i land i Eidfjord, men skal erstatte ferga mellom Bruravik og Brimnes.

- Den vil lette ferda nord mot Bergen betrakteleg og vil samstundes i større grad enn i dag opne for ein

felles arbeidsmarknad i hardanger, meiner Tveit.

Også opprustinga av cruisehamna har gitt ringverknader som syner att på folketalsstatistikken, meiner ordføraren. Cruisehamna styrker reiselivet i kommunen og skapar arbeidsplassar. Og unge med røter i bygda kjem heim for å slå seg til etter nokre år vekke på skule og i arbeid. Ordføraren gler seg over aukande fødselstal og trur ungdommen kjem attende til Eidfjord for å dyrke familielivet fordi dei veit at kommunen har mykje å by på i form av kommunale tenester og ein rik natur.

- Ein anleggsperiode mellom 2009 og 2011 i samband med bygging av Hardangerbrua tyder endå meir aktivitet og nye arbeidsplassar, og det gir kommunen endå større grunn til å gle seg over framtida, spår Anved Johan Tveit.

Kvifor bur du i Eidfjord?

Jon Thore Myklatun, 18 student



Eg har budd her heile livet og synest det er mange gode tilbod for barn og unge her. No skal eg reise ut for å studere, men eg fippar at eg er tilbake når eg blir 30-40 år.

Reidar Johnsen, 77 pensjonist/butikkerbeidar



Eigentleg kjem eg frå Harstad, og det var berre heilt tilfeldig at det var Eidfjord eg enda opp i. Her var det veldig godt teken imot.

Eidfjørene er eit bra folk.

Marit Moe Stakseng, 50 sjølvstendig næringsdrivande



Eg flytta hit frå Kinsarvik i 1978. Dette er ein bra plass å ha ungar, med kort veg til barnehage og skule. Det var og ein god plass

for meg å starte eiga bedrift, vi fekk til dømes 2 år gratis husleige dei første åra.

Kristian Kurseth, 36



Kjem frå Bergen og har budd i Eidfjord i fire år. Her er trygt og godt å bu, det er små forhold og dei fleste kjenner kvarandre. Ulempa

med å bu her er at sola forsvinn om hausten. Og så kan eidfjøre vere vanskeleg å kome inn på.

Eidfjord



Eidfjord har vore eigen kommune sidan 1977.

Areal: 1.501 km². Eidfjord ligg i Hardanger, 2,5 time køyring med bil frå Bergen.

Kommunen tilbyr gratis tomt og kr 200.000,- i etableringsstilskot. Innbyggartal 1. juli 2008: 930. Det er ei auke sidan 2006 då innbyggartalet var snautt 900.

Kommunen deltek saman med seks andre kommunar i prosjektet Flytt til Hardanger. I tillegg har dei fått 25 tilflyttarar frå Nederland gjennom prosjektet Placement.

Lokalavis: Hardanger Folkeblad

Kommunestyret har 17 medlemmer, fordelt slik:

Senterpartiet:.....8
Tverrpolitisk bygdeliste:.....2
Arbeiderpartiet:.....5
Samlingslista:.....2

Ordførar: Anved Johan Tveit (Sp)
Varaordførar: Ola B. Hereid (Tverrpolitisk bygdeliste)



Eidfjord



Attraktivt reisemål

Med godt og vel 40 000 cruiseturistar som vitjar Eidfjord i løpet av ein sesong er det klart det gjev ringverknadar i ein reiselivskommune, seier dagleg leiar i Destinasjon Eidfjord Marit Stadheim Boor.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Eidfjord har nærare hundre år med erfaring i å ta imot cruiseskip og trafikken har auka kraftig sidan Eidfjord fekk ny kai i 2005. Medan ein i 2005 hadde 27 anløp er det venta at 47 cruiseskip med godt og vel 40 000 passasjerar har vitja Eidfjord i utgangen av September i år.

Det som er interessant er at ein til neste år allereie har passert årets besøkstal, men med mindre anløp, seier Boor. I tillegg til å ha ei bestilling på nærare 40 skip for 2009, tikkar bestillingane allereie inn for 2010.

Cruiseskipa varierer i storleik med *Oreana* på 261m, med plass til 1800 passasjerar som det største, og *Hebredian Princess* med ei lengd på 71,5m, med plass til 49 passasjerar som det minste.

REISELIVSKOMMUNE

- Målet er å få folk til å bli verande i Eidfjord meir enn ein dag, seier Boor. Eit av måla hennar er å få utvikle opplevingspakkar både for turoperatorar og turistar i reiselivskommunen.

Medan Nordmenn ynskjer å vandre på Hardangervidda i fleire dagar, ynskjer tyskarar og andre utanlandske turistar å oppleve vidda i løpet av ein eller ein halv dag, seier Boor.

MERKBAR CRUISETURISME

Medan ein del av dei besøkjande reiser på dagsturar arrangert av landoperatorane sjølv, er det også mange som ynskjer å bli verande i Eidfjord. Sjølv om ein per i dag ikkje har noko statistikk på omsetnaden for handelsstanden og reiselivsbransjen, har ein i følgje Boor hatt ei generell auke i talet på overnattingar i Hardanger. - Natursenteret kan til dømes melda om knallgod omsetning på kjøkenet i Juli, seier Boor.

Cruisehamn gir stoppeffekt

- Me merkar det godt på auken i besøk når cruiseskipet legg til kai, seier Johan Vik som saman med kona Berit Vik er innehavar av Vik Pensjonat og Hytter AS i Eidfjord.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Medan cruiseferjeturistane kjem innom pensjonatet for kaffi og kaker er det andre reisande som stoppar opp både for ein matbit og overnatting, og for å få kjenna litt på atmosfæren og stemninga som oppstår når eit cruiseskip legg til kai.

- Me har i år hatt ein rekord på 260 middagar på ein dag, seier Johan Vik. I snitt ligg me på 150 middagar i høysesongen frå april til september.

SATSAR PÅ TURISME

Ekteparet Vik er tredje generasjon som tilbyr servering av tradisjonsmat og overnatting på Vik Pensjonat, som vart bygd i 1925. Sidan overtakinga i 1996 har dei bygd ut og ekspandert drifta steg for steg med stor eigeninnsats. Ekteparet har vektlagt å halda på ein gjennomført stil der dei har tatt vare på det opprinnelege kombinert med innslag av moderne design. I dag tel det nyrestaurerte pensjonatet 8 rom og 4 hytter.

Johan Vik er optimistisk og har redusert stillinga si i kommunen for å vera med å driftapensjonatet året rundt saman med kona. I høysesongen må dei henta inn hjelp frå Polen. - Det er få lokale ungdommar som ynskjer å nytta heile sommaren til å jobba, seier Vik. Medan kafeen er open mai til september har pensjonatet elles i året selskap, slåttalag og julatallerkenar.

(Foto: Astrid E. Hjelmeland)



(Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Verdas toffaste triatlon

Norseman Xtreme Triathlon er verdas hardaste triatlon – konkurranse. Den består av 3,8 kilometer symjing i Hardangerfjorden, deretter sykklar utøvarane 180 kilometer frå Eidfjord til Tessungdalen. Konkurransen vert avslutta med 42,2 kilometer løping via Rjukan til Gaustadtoppen. Totalt er Norseman Xtreme Triathlon 226 kilometer og har ein høgdeforskjell på om lag 5000 meter. Multisporten Triatlon oppsto på Hawaii i 1978 der ei gruppe marinesoldatar krangla om kven som var den best trenede idrettsmannen. For å finne det ut valde dei å kombinere ein symjekonkurranse, eit sykkelløp og eit maratonløp.

(Kjelde: Wikipedia)



“Ein peng spard er ein peng vunnen”

Ordtak av Ivar Aasen

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansierer lokale løysingar
- den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

Kan det vera god kommuneøkonomi å bli heime?

Foto: S. Johanness



Siren Vetnes Johannessen leiar HMS-prosjekta i Mandal Kommune.

I 2003 hadde sjukefråveret i Mandal kommune blitt så høgt at kommune-styret avgjorde at noko måtte gjerast. Med støtte frå KLP sette kommunen i gong eit omfattande HMS – prosjekt. Knappt 2 år etter at Nærversprosjektet blei starta opp, var sjukefråveret redusert med mest 30 %. Den positive trenden har halde fram. I desse dagar vert Tillitsprosjektet lansert, eit fire-årig pilotprosjekt der KLP også er med.

INNSIKT OG KOMPETANSE

- Det er betre å vera vekke frå jobben ein dag eller to enn å havna på langtidsjukemelding. Poenget er at kvar ein skild tek ansvar for si eiga helse, seier Siren Vetnes Johannessen, leiar av prosjekta. Og legg til: - KLP har vore ein viktig støttespelar. Deira innsikt og kompetanse på HMS-området har vore ein av suksessfaktorane i Nærversprosjektet i Mandal.

SUMMEN AV MANGE SMÅ TING

Aktivt HMS – arbeid handlar om tiltak på mange plan. I Mandal får folk høve til jobbrotasjon. Alle tilsette som er heilt sjukemelde i meir enn 3 veker blir inviterte til ei samtale med Bedriftshelsetenesta. Folk i "fasesona" får også tilbod om trening i arbeidstida. Det er til og med akseptert at folk i gitte situasjonar kan ha godt av å bli heime i staden for å gå på jobben. Ein tur i skogen, til dømes, kan vera helsebringande.

I KLP trur me det er dei som "kjenner kvar skoen trykkjer" som veit best kva som kan hjelpa. Difor støttar vi kundedrivne HMS-tiltak og har bidratt i mange vellukka prosjekt innan førebygging, tilrettelegging og livsfasetilpassing. Berre i 2006 var vi involverte i 120 ulike HMS-tiltak. Les meir på www.klp.no. Me deler gjerne våre erfaringar og vår kompetanse med enda fleire.

KLP
for dagane som kjem

Ny litteratur på Samlaget

På Samlaget si haustliste finn ein ikkje mindre enn fem debutantar.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Rune Hjemås debuterer med boka *Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd* som er ei samling prosatekstar. I følgje forlaget finn ein her alt frå realistiske kvardagsskildringar til surrealistiske fabuleringar. I tillegg debuterer barnebokforfattar Jan Roar Leikvoll debuterer også med ein nokså mørk roman. Handlinga i *Eit vintereventyr* går føre seg i ein arbeidsleir der tema som kjærleik, nærleik og det mørke menneskesinnet vert berørte. Aina Basso debuterer også med ungdomsboka *Ingen må vite*. Terje Jonassen kjem med boka *Den usynlege kona og andre forunderlege folk* for dei litt større borna. Og Terje Torkildsen med ungdomsboka *Marki Marco*.

NY GAVALDA I 2009

- Me har nettopp lagt bak oss det kanskje beste året i forlagets historie nokosinne. 2007 blei eit svært godt år på dei fleste utgivingsområda våre. Godt på skulebøker, skjønnlitteratur og sakprisa. I denne samanhengen er det moro å neme eit spesielt døme – nemleg Anna Gavalda's *Saman er ein mindre åleine* – som no har vore 68 veker på Dagbladets bestseljarliste og til saman har selt meir enn 60.000 eksemplar. Det er eit historisk og einestående resultat for ein utanlandsk roman, som er omsett og utgitt på nynorsk her i Noreg. Me har ingen ny Gavaldabok på haustlista i år, men eg kan allereie no love at det kjem ei ny i 2009, seier forlagsdirektør Tove Lie i ei pressemelding.

Både Jørgen Norheim og Rønnaug Kleiva kjem med nye bøker denne hausten. Norheim vart nominert til Nordisk Råds litteraturpris i 2003 for boka *Ingen er så trygg i fare*. No kjem han med romanen *Adjutanten* som er ein brei roman tidsmessig som handlar om ein pensjonert offiser som ser attende på eit innhaldsrikt liv. Kleiva er attende med ei ny novellesamling: *Ikkje for varmt, ikkje for kaldt*. Hilde Kvalvaag kjem også med vaksenboka *Skagerrak*. Her møter me Siv som opplever at kvardagen etter kvart raknar for henne.

VARIERT BOKHAUST

Andre som kjem med nye skjønnlitterære bøker på Samlaget denne hausten er Tore Eithun Helland med sin roman *Natta blir til regn*. Olav Kristiseter med sin andre roman *Måsansane*. Rolf Sagen kjem med ein ny roman; *Lommebunden frå Ribo*, Terje Hellesen kjem med *Soma* der eg – forteljaren reiser til Berlin for å finne attende til faren sin. Av andre kan ein nemne Einar Økland som kjem med ei ny essaysamling, Hilde Myklebust med sin nye diktsamling: *Søkk* der ei ung kvinne sørgjer over å ha mista barnet sitt. Både Eva Jensen og Finn Øglænd kjem i tillegg med nye diktsamlingar.

Av nye barnebøker kan ein nemne Jakob og Neikob som er skrivne og illustrert av Kari Stai. Annlaug Auestad har kome med ei humoristisk barnebok om kuvenninnene som diskuterer om kven som er finast. *Nøff nøff, Benny* er også den tredje boka om Benny frå Barbro Lindgren og Olof Landström. For dei minste kjem også bøkene *Prinsessa i egget* og *Eg kan ikkje sove no*.

Dau Katt:

Terror på scenen

Komedien *Dau Katt* handlar om terror og vert sett opp på Det Norske Teatret på sjølvaste 11. september.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Leiaren av ei utbrytargruppe i IRA kjem heim att til øya Innishmore og finn ut at den beste venen hans, ein katt, er dod. Samstundes jaktar fiendane på han og stykket utviklar seg til å bli ein grotesk hemn – og valds-spiral. I følgje regissør Lasse Kolsrud liknar ikkje teaterstykket, som vert sett opp på merkedagen 11. september, på noko me har sett før.

ALDRI SETT FØR

- Stykket byrjar med ein dau katt som ligg på eit bord. Dette er moderne teater, og noko me aldri har sett før. Forma er unik, seier han og viser til at mange av effektane er henta frå filmens verden. Spesielt mange av valdselementa kan ein kjenne att frå regissør Quentin Tarantino og filmar som *Kill Bill* – dialogien.


*Brutal røyndom kopla opp mot ein veldig god humor pregar komedien *Dau Katt*. (Foto: Det Norske Teatret)*

Terrormotivt står saman med hennent sentralt i filmen og er noko av det viktigaste som stykket formidlar. - Terror er ein del av vår kvardag. Her ser me kor meningslaus den fundamentalistiske tankegangen er, og kva ein eigentleg kan drepe for. Dette er brutal røyndom som er kopla opp mot ein veldig god humor, fortel Kolsrud.

VART GLAD I IRLAND

Det er den unge, britiske dramatikaren Martin McDonagh som har skrivne stykket som no skal provosere og overraske på ein norsk scene. Andre teaterstykke frå dramatikaren er til dømes: *Skjønneheitsdronninga* og *Putemannen*. Med irske foreldre og sommarferiar på den irske landsbygda fekk McDonagh ein forkjærleik for landet. *Dau Katt* går no sin sigersgang over heile verda. Skodespelaren og regissøren Lasse Kolsrud som har registrert den norske versjonen av *Dau Katt* er mellom anna kjent som regissør av Frode Grytten's *Bikubesong*.

- Det er ganske pussig å regissere i eit univers ein ikkje er vandt til å vere i, seier den norske regissøren om *Dau Katt*.



Hauge i hundre



*Bodil Cappelen er medredaktør på antologien *Tid å hausta inn som kom ut på Samlaget i haust*. Her opptre Cappelen saman med Knut Hamre på den årlege poesidagen ved Hardanger folke-museum tidlegare i haust. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)*

Samlaget markerer Hauge-jubileet med fleire nyttingar.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

18. august i år var det 100 år sidan Olav H. Hauge vart fødd. I samband med dette kjem Samlaget ut med fleire nye bøker og eldre bøker som kjem i ny drakt. Ikkje minst lanserte Samlaget antologien *Tid å hausta inn* som Bodil Cappelen og Ronny Spaans har vore redaktørar for. Her skriv forfattarar som Eldrid Lunden, Einar Økland, Asbjørn Aanes, Ruth Lillegraven og

Eirik Lodén om korleis Olav H. Hauge og hans dikt har inspirert dei. Arne Skjerven og Steinar I. Berge gir også denne hausten ut boka Olav H. Hauge og bygda som viser oss korleis samspelet mellom mannen og bygda Ulvik var gjennom heile livet. I år kjem det også fleire barnebøker i samband med Hauge – jubileet. Boka *ABC* med dikt av Olav H. Hauge og illustrasjonar av Bodil Cappelen kom i ny drakt i år, den kom første gong ut i 1986. I tillegg har Inger Lise Belsvik illustrert til eit utval av Hauge sine dikt i barneboka *Når tussalusi kvikkrar*.

Holter ny teatersjef

Lars Erik Holter (43) er tilsett som ny teatersjef ved Det Norske Teatret.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Holter byrjar i stillinga 1. januar 2010.

I alt var det 12 søkjarar til stillinga, men Holter utmerka seg med ein sterk kunstnarleg profil, heiter det i ei pressemelding frå teatret. Lars Erik Holter er frå Nes i Hedmark. Han er utdanna skodespelar og sceneinstruktør ved Kunsthogskolen i Oslo. Holter har også sidan 1995 arbeidd som både skodespelar og regissør ved ei rad institusjonsteater og privatteater, og produsert egne framsyningar i det frie feltet. På Det Norske Teatret gjorde han først diplomoppgåva i regi frå Kunsthogskolen, Beogradtrilogien, i 2001. Seinare har han sett opp *Svart mjølk* og *Helten* på den grønne øya ved teatret. Holter har i tillegg til å undervise ved - vore




(Foto: Det Norske Teatret)

med på å utforme studieplanen ved skodespelarlina ved Kunsthogskolen i Oslo.

OLE BRUM, OLA TVEITEN ELLER BARBIE? KOR HENTAR BARNA OPPLEVINGAR FRÅ?

Pirion er ei kulturavis for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.



PIRION-KURS

Kursholderar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

PIRION-ABBONNEMENT

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion. Me doblar tilbodet men ikkje prisen. For kr 225,- får du tilsendt Pirion i posten åtte gonger i året. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn: _____
Barnehage: _____
Adresse: _____ Postnummer: _____ Poststad: _____
Telefon: _____ E-post: _____

Send ein epost til pirion@norsk-plan.no eller send kupongen til Pirion, Norsk Plan as, Næringsbedet i Våtlandsvåg, 4235 Hebnes. Tlf: 52 79 04 84, Faks 52 79 04 81.



B

Returadresse:
Vatlandsvåg - 4235 Hebnes

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje -
at tidi skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa -
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um

Av Olav H. Hauge, som ville ha fylt 100 år i 2008.

Informerer om Haukelivegen

Magasinet Haukelivegen skal vise dei vegfarande på E134 kva dei kan oppleve og sjå langs vegen. Her finn du aktuelle spørsmål langs strekninga, som til dømes manglande skilting. Presentasjon og historie rundt Haukeli, dei ulike kommunane langs vegen og dei mange attraksjonar ein som turist kan få med seg. Brosjyren er skriven på nynorsk, engelsk og tysk.

Vil ha nynorsk i Hallingdal

Hallingdal Unge Høgre vil no ha nynorsk i grunnskulen i heile Hallingdal, skriv Hallingdølen.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Hallingdal Unge Høgre ynskjer valfritt sidemål i den vidaregåande skulen, men fram til då bør elevane i Hallingdal kunne stille med likt grunnlag for å kunne mestre dei to målformene. Dei som er vande med nynorskforma, skilr lettare gjennom sidemålsundervisninga, mens a-endingar, bøying av verb og andre nynorskspråklege finessar, fortonar seg som særst vanskeleg for dei som ikkje har praktisert nynorsk gjennom grunnskulen. Derfor meiner Hallingdal Unge Høgre at alle Hallingdalskommunane bør velje nynorsk som målform i grunnskulane. Ikkje berre for å minske skilnadene mellom elevane på vidaregåande, men like mykje for å verne om nynorsken, og for å bryte ned nokre av dei dårlege haldningane som elevane har til denne målforma, som er ein utruleg viktig del av vår norske kulturarv, skriv partileiar Iselin Haugo i eit lesarbrev i Hallingdølen.

Haugo legg vidare vekt på at kommunane i Hallingdal så snart som

mogleg bør innføre nynorsk som standard målform i grunnskulane. Hallingdal Unge Høgre meiner vidare at sidemålsundervisninga bør bli valfri. Dei er skeptiske til tanken om sidemål i seg sjølv. – Me vil at elevane skal ha meir fokus på éi målform. Elevar som kjem frå bokmålsklassar, har store vanskar med å forstå nynorskundervisninga. Me trur at dersom elevane hadde hatt nynorsk frå dei var små, ville det ikkje vore noko problem, skriv Hallingdølen.

Skal bli betre på e-tenester

Innan 2012 skal norske kommunar og fylkeskommunar bli blant dei beste på elektronisk innbyggardialog, digitale tenester og effektiv e-forvaltning, skriv Kommunal Rapport. Dette går fram av KS sin ekkommune – strategi. Meininga er at meir effektiv bruk av IKT kan frigjere verdifulle ressursar i kommunektoren.

- Innbyggjarane og næringslivet sitt behov står i sentrum for utviklinga av den digitale kommunen, seier ho til Kommunal Rapport.

Gamle og unge er i strid. Men det må så vera. Var det ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.

- Arne Garborg

Under føresetnad av finansiering blir stilling som

UTSTILLINGSLEIAR for Nasjonalt Garborgsenter

lyst ledig for snarleg tilsetjing.

Du skal leie prosessen med å gje innhald, og å gjennomføre utbygginga fram til opninga i 2011.

Målgruppene for senteret er unge menneske. Dei skal sjølve vera ein viktige ressurs når innhaldet i det som skal bli oppgåvene til og innhaldet i det nasjonale senteret skal formast ut. Me utfordrar derfor no elevar ved fleire vidaregåande skular til å vera med i dette viktige arbeidet, i tru på at dei kan peika på korleis senteret sine oppgaver kan og bør formidlast.

Senteret er alt i arbeid med dette og det skal gå ein raud tråd mellom områda:

- Litteratur og formidling av litteratur
- Demokrati
- Skaparkraft – "den jærseke tyda"
- Språk
- Media
- Nasjonalt arkiv for forteljing

Me jaktar no på den som kan vera med å sikra ei kreativ og god gjennomføring av dette prosjektarbeidet fram til opninga i 2011. Eit banebrytande arbeid som skal skape eit formidlingssenter for framtida.

Du skal vera nyfiken og kreativ og ha erfaring frå prosjektarbeid. Du har høgare utdanning, godt nettverk og gjerne praksis frå tilsvarande arbeid. Stillinga rapporterer til prosjektleiar for Garborgsenteret.

Arbeidsspråket er nynorsk.

Me tilbyr god løn med gode pensjons- og forsikringsordningar, men aller mest eit svært spennande oppdrag.

Spørsmål om stillinga kan rettast til:

Einar Schibevaag, prosjektleiar, tlf. 913 08 972

Send korfatta søknad med CV til

Nasjonalt Garborgsenter
c/o Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

innan 25. September

Etableringa av eit nasjonalt kunnskapssenter på Jæren skal inspirera til samfunnsengasjement, til å lesa, til å skapa og formidla kunnskap basert på dei nasjonale og internasjonale visjonane til Hulda og Arne Garborg.

Eit senter lokalisert i eit kunnskaps- og læremiljø under etablering og utvikling lokalisert i eit spennande bysentrum skal Garborgsenteret bli ein pulserande samlingsstad i eit innovativt fellesskap.

Basisbemanning på 7 årsverk, der unge menneske skal stå i sentrum når innhaldet skal presenterast, basert på dei verdiar regionen er kjent for. Derfor er og denne målgruppa med når innhaldet skal utarbeidast.

Bygget er på 1060 kvadratmeter (i tillegg kjem Time bibliotek med om lag 1600 kvadratmeter).

Nasjonalt Garborgsenter er ein del av Jærmuseet, eit regionalt vitensenter for Sørvestlandet.



garborg.no

Støttespelarar

Bryne
Kro & Hotell
Forum Jæren
IKM Gruppen
Jæren Hotell
DNF
Sig Halvorsen

JÆRMUSEET